

NVE-Konsesjons- og tilsynsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

05.05.15

Kommentar til innkomne merknadar – Stølselva

I samband med at NVE har hatt søknaden om konsesjon for Stølselva i Førde kommune på høyring har det kome inn fleire merknadar. Tiltakshavar ønskjer gjennom dette skrivet å kommentere ein del av innspela frå dei ulike høyringspartane. Hovudvekta av innspela går på val av minstevassføringa. Val av minstevassføring er omtalt som ein kommentar til alle uttalepartane i slutten av dette dokumentet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Fylkesmannen vil ikkje frårå at det vert gjeve konsesjon til Stølselva kraftverk, men er usikre på om den biologiske mangfaldrapporten har fanga opp førekomstar av verdifulle skogsmiljø med rudlista artar i øvre deler av utbyggingsstrekkinga. Dei meiner og at ein bør auke minstevassføringa til 5-persentilen i sommarperioden.

Stølselva Kraft har tillit til at rapporten i tilstrekkelig grad tek for seg nødvendige undersøkingar med tanke på miljø og landskap.

Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Fylkeskommunen meiner at tiltaket vil bety små konflikhtar i høve til landskap, brukarinteresser og kulturminne, og vil rå til at det vert gitt konsesjon.

Førde kommune:

Førde kommune har ikkje særskilde merknadar til denne søknaden og meiner tiltaket kan gjennomførast som omsøkt, men tilrår at forslag til avbøtande tiltak i BM-rapport vert vurdert å følgje så langt dei framleis er relevante.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet skriv at her er få brukarinteresser utanom dei lokale, men dei ynskjer ei høgare minstevassføring enn søknaden seier.

Sogn og Fjordane Turlag:

Turlaget vurderer at konfliktnivået er innanfor det som er akseptabelt med tanke på utbygging av Stølselva og vil derfor ikkje gå mot utbygginga. Dei meiner også at minstevassføringa bør aukast til 30 l/s heile året i staden for 20 l/s. Dei ber og NVE vurdere



trongen for omløpsventil på grunn av gyteforhold til aure i nedre deler av Stølselva, men dei har ikkje vore på synfaring og vurdert den aktuelle delen av elvelaupet.

Kraftstasjonen er trekt opp til kote 140 for å unngå å komme i konflikt med gyteområdet til auren. Ved låg vassføring i elva vil auren kunne bli ståande i små kulpar oppetter elva. I biologisk mangfold rapport er ikkje omlaupsventil nemnt som eit avbøtande tiltak, og søkar meiner heller ikkje det er behov for omlaupsventil då planlagt utnytting av vassføringa er moderat, samt at restfeltet og minstevassføringa sikrer ein god dynamikk i elva.

Minstevassføring:

Stølselva Kraft SUS meiner føreslått minstevassføring er tilstrekkeleg med tanke på det betydelege bidraget som kjem inn frå vest på rundt kote 300. Føreslått minstevassføring er med på å sikre økonomien for Stølselva kraftverk og gjer at grunneigarane sjølv kan realisere prosjektet.

Grunneigarane ser føre seg at prosjektet vil vere med å kunne gje eit økonomisk bidrag til jordbruket i grenda og på den måten sikre busetnad og gardsdrift ved einskildbruka.

Underteikna, saman med dei andre grunneigarane i Stølselva håpar på ei positiv handsaming av saka.

Mvh



Kåre Aasebø
Stølselva Kraft SUS

